



Utval: **Ungdomsrådet**
Møtestad: Kommunehuset
Dato: 07.03.2017
Tid: 17:10

Faste medlemmar som møtte:		
Ole August Iversen	Leiar	
Gøran Gundersen	Nestleiar	
Gabriela Anghel	Medlem	
Sebastian Magnus Risung	Medlem	
Marius Vassdal Lønseth	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:		
Amalie Fanghol	Medlem	
Ane Småge Nerbø	Medlem	

Varamedlemmar som møtte:		
Emma Ilestad Sporsheim		

Frå administrasjonen møtte:	
Sekr. Lene Marita Ræstad	

Merknader:
<p>Evaluering UKM 2017 Sekretæren noterte evt. endrignar til neste år.</p> <p>Ungdomsrådet kalla inn rektorane ved skolane i Aukra til orientering av regelverk kring mobilbruk i skuletida til deira møte 31.01.17. Ungdomsrådet ønska å utarbeide ein uttale til denne saka som vert levert vidare til administrasjonen i kommunen.</p> <p>Ungdomsrådet la fram følgjande oversendingsforslag til administrasjonen:</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <p>Uttale til bruk av mobil i Aukra skolane.</p> <p>Forbodet mot å nytte mobil i friminutta er vanskeleg å sjå, eit argument er at dette er eit tiltak mot mobbing. Mobbing ytrar seg i ulike former, og løysninga er hos kvar enkelt elev si vurdering og</p>

handling. Mobil kan vere trøyst/venn om ein kjenner seg einsam eller om ein sjølv har lyst til å trekkje seg tilbake. Det er og komme tilbakemeldingar på at systemet ikkje fungera optimalt slik det no er i dag. Det er ikkje alle som leverar inn telefonane, telefonar har blitt stelt og øydelagt til tross for mobilskap.

Det er uklart kven som er ansvarleg for øydelagt eller stelt telefon når den er innlevert til mobilskap. Ungdomsrådet meiner at dette bør vere skolen som er erstatningsansvarleg og at dette bør komme tydleg fram. Mobil er kostbart og ungdomsrådet vil ha ei forsikring på at kostnader vert dekt og at tiltaket ikkje berre er basert på tillit. Skolereglement må kome med retningslinjer og prosedyre for kven som har ansvar for mobil som er i mobilskap og at mobil vert utlevert trygt attende til rett elev. Kva har elev lov til å gjere, kva har skolen sine ansatte lov til å gjere ved inn- og utlevering og ved eventuell mistanke om elev ikkje har levert inn mobil. Reglement og prosedyre skal leggast til høyring hos elevråd og gjerne ungdomsråd, slik at dei kan kome med eventuelle innspel.

Ungdomsrådet ønskjer at elevane frå ungdomstrinnet skal kunne bruke mobil i friminutta, men at mobil ikkje skal nyttast i timane. Eit forslag er at ein kan levere i frå seg mobil før kvar time.

Erfaring frå elevar ved vidaregåande skule er at dette er ei løysning som fungerer godt.

Ungdomsrådet foreslår at det vert gjennomført ei spørjeundersøking for elevar i ungdomstrinnet om ein ønskjer tilgang til mobil i friminutta eller ikkje.

Skolen oppfordra ungdomsrådet til å kome med forslag til aktivitet i friminutta og ungdomsrådet har eit ønske om at gymsal kan ver open i langfriminuttet til aktivitet for ungdomstrinnet, som for eksempel ballaktivitet. Samt at det er eit ønske om å kunne få lov til å vere i kantina på Gossen barne- og ungdomsskole i alle friminutt.

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Saksliste

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhald:
PS 3/17		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 4/17		Referatsaker
		Evaluering UKM 2017
		Mobilbruk i skolen - uttale

PS 3/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.03.2017

Behandling

Samrøystes vedtak

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 4/17 Referatsaker

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.03.2017

Behandling

Det var ingen referatsaker